

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim



Tid for å søkje barnehageplass for 2017 - 2018

Treng du barnehageplass til barnet ditt???

I Austrheim kommune har vi to barnehagar. Austrheim Kystbarnehage som ligg i kommunesentrum, like ved Mastrevik torg og Kystlandsbyen, og Kaland barnehage som er bygd saman med Kaland barne- og ungdomsskule i nærleiken av Mongstad.

No er det tid for å søkje plass for barnehageåret 2017-2018. Det gjer du gjennom elektronisk søknadsskjema som du finn på komunens heimesider.

Søknadsfrist er 1.mars 2017.

Du kan lesa meir om barnehagane våre på heimesidane til Austrheim Kommune.

Har du spørsmål kan du ta kontakt med ein av barnehagane eller servicekontoret på tlf. 56162000



JANUAR NUMMER 1 - 2017 - 46 ÅRGANG - NYTT STOFF INNAN 7. FEBRUAR 2017



KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

Astrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90

E-post: kyrkjekontoret@astrheim.sokn.no
www.astrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Treftid etter avtale
Kyrkjevevje:

Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad 93 44 29 19
Kyrkjevevje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn

Redaksjonen

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Svein T Villanger,
Redaksjon: Øystein Soldal,
Jorunn Kårdal.
Bankgiro: 3490.07.04196
E-post: kyrkje@online.no
Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Gudsteneste 15.januar kl 11.00.

Dåp. Per Børge Hillestad

Gudsteneste 29.januar kl 11.00.

Per Børge Hillestad.

Gudsteneste 12.februar kl 11.00.

Dåp.

«Lys-vaken» gudsteneste og utdeling
av biblar til 5.klassingane.

Per Børge Hillestad

og Wilco Vogelaar.

Gudsteneste 26.februar kl 11.00.

Per Børge Hillestad.

Fredag 10.03 kl 18.00:

Gudsteneste for alle.



**LYS
VAKEN**

Andakt

I romjula og i tida rundt årsskiftet er det eitt vers frå Johannesevangeliet som eg har kome tilbake igjen til fleire gonger:

**«For lova vart gjeven ved Moses, nåden og sanninga kom ved Jesus Kristus.»
Johs 1:17.**

Lova seier noko om det som ikkje er godt nok. Eg kjem til kort i forhold til dei krav Gud stiller til meg som menneske. Ingen av oss maktar å fylla dei forventningane som lova krev. Ingen av oss er i stand til det.

Kva så? Kan vi like godt berre grava oss ned? Når ingen når den standarden Gud krev likevel – kan det strengt tatt vera så nøye? Om vi nesten skulle nå opp eller ikkje nå opp i det heile, så går det jo ut på det same. Vi nådde ikkje opp uansett. Då spelar det vel eigentleg inga rolle korleis vi lever?

Heldigvis viser Bibelen oss ein heilt annan veg og ein heilt annan måte å tenkja på.

Jesus kom med nåden og sanninga. Nåden og sanninga. Dette er to ord eg har smakt på dei siste vekene. Gjennom dåpen og trua har Gud gitt meg ei gåve som vert kalla nåde. Gud har opna vegen til sitt rike ved at han sende oss Jesus. Det er godt nok, ja det er meir enn godt nok. Eg er glad for at ordet nåde står først. Det er det Gud møter meg og oss med – først.

Så kjem sanninga. Sanninga om oss sjølve, at vi ikkje når opp men også om at vi er verdifulle, fordi vi er menneske som er skapt i Guds bilete. Og sanninga om Gud; at han først og fremst er kjærleik – og at han er den som manar oss til oppbrot og handling – til beste for våre medmenneske og det skaparverket vi er ein del av. Nåde og sanning. Dermed er vi frie til å handla, til å følgja Guds vilje, til å bry oss om våre medmenneske, til å kjempa mot urett.

Leif Arne Økland.





Kyrkjebøkene i Austrheim



Gravlagde

30.11.16	Thea Dale Bjørsvik f. 2016
08.12.16	Roald Svein Austrheim f.1938
22.12.16	Leif Thorbjørn Frivold f. 1939
06.01.17	Einar Egil Isaksen f. 1947

Utgjevingsplan Kyrkjebakken 2017

	LEVERINGSFRIST	KB KJEM UT
Nr. 02/17	07. februar	23. februar
Nr. 03/17	14. mars	30. mars (påskenummer)
Nr. 04/17	04. april	27. april (siste før sommeren)
Nr. 05/17	15. august	31. august (første etter sommeren)
Nr. 06/17	12. september	28. september
Nr. 07/17	10. oktober	26. oktober
Nr. 08/17	14. november	30. november (julenummer)

Hjarteleg takk

til alle som hugsa på meg til 90-årsdagen min den 01.12, og sendte meg blomar, andre fine gåver og ringte til meg. Takk og for fin rose frå diakoninemda. Hjarteleg takk til dykk alle saman.

Helsing Hilda Knarvik



Hjarteleg takk

for all deltakelse ved min kjære mann og far/svigerfar Konrad Rikard Strand sin bortgang og begravelse. Takk for blomsterhilsner og omtanke og til Nordliheimen for god hjelp. Takk til Lisbeth Morken for fin sang.

Og takk også for pengegaven til Leger uten Grenser.

Hilsen Katrine, Laila og Karsten med familie.»

Eg vil takka

diakoninemda for rosa eg fekk til fødselsdagen min og for blomst en eg fekk etter at eg vart åleine.

Med venleg helsing Borgfrid Brügger

Takk

for oppmerksomhet og blomsterhilsner i forbindelse med min kjære mann Leif Frivold sin bortgang.

Med vennlig hilsen Inger Frivold

Hjartleg takk

til diakoninemda for den vakre rosa eg fekk til dagen min. Takk og til Britt som kom med den.

Helsing Nora Hauge

Hjarteleg takk

til alle som hadde sitt arbeid på Nordliheimen i jule- og nyttårshelga. Takk for god mat, varme smil, omsorg og hygge. Vil også ynskje alle sammen et riktig godt nytt år!

Helsing bebuarane.

Takk

for roser og helsing på min 82 års-dag. Takk til Britt som var rosebærar.

Helsing Kåre Øksnes

Takk

stor takk til alle dykk som i førjulstida og jula 2016, og elles i året gledde oss med vitjingar, underholdning, blomsehelsingar og gåver. Vi set stor pris på slik omsorg og omtanke.

Spesiell takk til :

- Per Børge Hillestad og Jostein Hauge som kjem anna kvar tysdag og held andakt/syng for oss.
- Sanitetsforeninga og Diakoninemda som arrangerer ulike tilstelningar for bebuarane.
- «Landbruksdagen» som tek godt imot oss kvart år.
- Jan Foss og Asbjørg Steinor for musikk og song.
- Rolf Eriksen med fleire som kjem jevnleg og har andakt og sang.
- Alle frivillige som stiller opp gjennom heile året.

Helsing bebuarar og tilsette ved Nordliheimen

ETTERMIDDAGSSAMLING PÅ LITLÅS BEDEHUS

12. februar kl. 16

vert det song og musikk
ved Frekhaug song- og musikklag.

Servering av kaker og kaffi.

*Kom eg ver med oss denne
ettermiddagen!*



SENIORSLØYD

Løloftet/ Mathias Sætre
Fem torsdagar
Oppstart: 9. februar 2017
Kl.13.00 – 15.00

Påmelding: 91379306

Tema:

Sløyd, dreining og treskjering
Materialkostnad: Kr.400

*Arr: Austrheim kommune og
Vesttun Gard*



VEVOPPLÆRING

Det er ledige plassar i **VEVSTOVA** i Gamle Kommunehuset.

- Inga veverfaring krevst.
- Tilpassa undervisning.
- Føremiddag og/eller kveld.
- Mange ulike teknikkar frå enkle til avanserte.
- Golvvevar og bordvevar.

Ta kontakt om du er interessert.

Anne Grete Breisnes, mob. 97511208

Facebook/Anne Grete Breisnes Vev,

epost: annegretebreisnes@gmail.com



Loppemarked

Lørdag 4. mars
Pa Samfunnshuset
Nærmere kunngjering kjem i neste nr.

For info ring 918 07 436



Austrheim Rotary

**vil takke alle som støttet julelotteriet
til inntekt for livsviktig rent vann til katastrofeområder.**

Vinnere ble:

Hotellweekend Bergen

Sonja Eriksen

Middag for 2 i Kjelstraumen

Kenneth Eide

Fenalår

Einar Ellingsen

Fenalår

Alina Ekse

Fenalår

Einar Øksnes

Pinneside

Laila Larsen

"KJERRINGROKKEN"

**ER EI GRUPPE DAMER SOM SAMLAST
PÅ KYRKJELYDSHUSET**

- tilknytt Norsk Misjonsselskap og
støttar Kyrkjelyden sitt
misjonsprosjekt i Mali.

- Tema: samtale, sosialt samvær,
handarbeid
(for dei som likar det)

- Mat

**MØTEST PÅ KYRKJELYDSHUSET PÅ
MÅNDAGAR KL 19:00.**

I vår vert det desse datoane:
09.jan, 06.feb, 06.mars.
03.april, 08.mai og 12.juni.

**Vel møtt til nye og
gamle deltakarar!**



Min salme

Den nye salmeboka som kom ut i 2013, inneheld mange songar og salmar som ikkje var med i den tidlegare salmeboka.

Ein av salmane som nå kom med i den nye, betyr mykje for meg, og eg er glad for at den nå har fått plass i salmeboka.

Livet er skiftande for oss alle. Det vekslar mellom gode, glade periodar, og tunge, vanskelege tider.

Når livet buttar imot, - når vi kjenner på vanskar både rundt oss og i oss, då gjer det godt å kunna halda fast ved at det er ein som alltid er nær oss.

Salmen min er i salmeboka plassert under temaet **”Tryggleik og glede”**.

Den svenske forfattere Arne Høglund har tatt utgangspunkt i salme 139 i Bibelen. Der står det:

Bakfrå og framanfrå omgir du meg.

Du har lagt di hand på meg.”

I salmen som han har kalla **”Du omgir meg på alle sider”**, legg han vekt på at Gud er med oss og held si hand over oss i alle situasjonar.

Teksten lyder slik:

***Du omgir meg på alle sider,
og du held meg fast i di hand.***

***Når min veg går gjennom tette skodda,
nær ved bratte stup og djupe vatn,
då er du nær meg på alle sider.
Ja, du leier gjennom vatn.***

***Når mi tru er svak og motet sviktar,
og eg kjenner kalde redslesteinar,
då veit eg trass alt at du er nær meg.
Du har lova vera med kvar ein dag.***

***Du omgir meg på alle sider,
og du held meg fast i di hand.***

Vonar denne salmen kan få bety noko for mange.

Aud Risnes.



Minneord – Egon Askvik

Siste dagen i 2016 fekk me den tunge meldinga om at Egon var død. Det kom ikkje uventa, men like fullt slo sorga inn i oss.

Egon fekk i mai beskjed om at han var alvorleg sjuk og både han og dei rundt visste kva utgang sjukdomen ville ha. Gjennom dette vel halvåret har me opplevd ein familie som står sterkt saman gjennom alt det vanskelege. Egon har saman med familien delt vare og vakre tonar om håpet og trua, om det som ber oss gjennom natta til ein ny dag, til eit nytt liv.

Håp, tru og fellesskap er ord som kjenneteiknar Egon. På 1980-talet var det afrikanske songar og kamp mot apartheid. Det var mange som fekk vere med å synge sangar om håp og møte menneske og ein kultur som sette spor. Mange i Austrheim syng framleis med på dei afrikanske tekstane og kjenner at dette er ord og tonar som gjev gjenklang av noko større.

I Austrheim var Egon først vikarprest i 1984 og sidan var han sokneprest frå 1996 – 2008.

Ein av hans grunnleggande tankar var at kyrkjelyden var alle dei døypte og han evna å engasjere og inkludere menneske. Han var med i Ungdomslaget og revygruppa og desse var igjen med på Alphakurs og julespel.

Fleire år var det julespel der born, ungdomar og vaksne samarbeidde om å levandegjere juleevangeliet. Mange var engasjert med alt frå å lage kostymar, snekre stall og som skodspelarar. Til og med nyfødde Jesusbarn var på plass. Det var sterke opplevingar å få vere med å ta del, både for dei som var medhjelparar og heile kyrkjelyden.

Her i Austrheim fekk me og vere med å skape eit heilt nytt konfirmantopplegg med utgangspunkt i Kristuskransen.

Med Egon sin kreativitet, hans engasjement og evne til å engasjere og inkludere var det mange som var med som medhjelparar og medvandrarar gjennom fleire konfirmantår. Og konfirmantane fekk gode opplevingar der trua vart praktisert. Kristuskransen som konfirmantopplegg vart til ei bok og eit undervisningsopplegg som no er i bruk mange stader over heile landet.



Minneord – Egon Askvik

Egon sitt store engasjement for menneskeverd og kamp mot urettferd viste han og gjennom sitt arbeid for Kirkens Nødhjelp. Her var han nytenkende då han fekk Kirkens Nødhjelp til å vere med på å bruke konfirmantar i informasjonsarbeidet i samand med fasteaksjonen. Tre konfirmantar frå Austrheim fekk reise med Kirkens Nødhjelp til Sør-Afrika og møtte menneske i ulike livssituasjonar og det vart laga film som vart brukt av Kirkens Nødhjelp.

Egon sette spor hjå dei han møtte og det er mange merkesteinar som står igjen etter han. Ein av desse er "Gudsteneste for alle" - dei særleg tilrettelagde fredagsgudstenestene med dramatisering av bibeltekstar, felleskapet rundt

nattverdsbordet og dei enkle, gode songane. Dei som var tilstades gløymer ikkje når Egon la seg på alle fire og var eselet med Jesus på ryggen som palmesundagen rei inn i Jerusalem, dvs opp heile kyrkjegolv.

Ein stor mann som levandegjorde trua gjennom sitt møte med menneske i ulike livssituasjonar, som tok tid til dei gode samtalene i både sorg og glede, og som vitna om håpet. Egon sette store og gode spor og me er takksam for det han har betydd for kvar enkelt og for kyrkjelyden.

Me lyser fred over Egon sitt minne.

*På vegne av Austrheim sokneråd
Anne Dahle Austrheim og Helge Dyrkolbotn*

**Sommerens Gud, du evige lys,
ha takk for alt som er over.
Det hvisker i skog og nynner langs strand
at sommeren ligger og sover.**

**Evige Far, så kort ble min dag,
så fort går livet du gav meg.
Det flyr som en drøm, så våkner jeg opp
og vet at det snart blir tatt fra meg.**

**Skapelsens Gud, bevar meg hos deg,
ved livets kilde som strømmer
Og når jeg skal dra, då gi meg et sted
der sommeren ligger og drømmer.**

Tekst: Eyvind Skeie





MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583



Til sammen har vi 3 815 års
erfaring med bilservice i Norge.



Rune Austrheim **Fosnøy Bilsenter AS**

Velkommen til Bosch Car Service!

Verkstedet vårt rommer all den erfaringen og kunnskapen som finnes i en av verdens største uavhengige verkstedskjeder. Hos oss kan du få hjelp med alle typer reparasjoner og service for samtlige merker. Bosch har jo også utviklet over halvparten av teknikken i bilen din. Så hvem tror du er den beste til å utføre service på den?

www.fosbilsenter.no

Vi gjør alt for bilen din.



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



Mastrevik

DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Åråshøgda 10.



Timebestilling:
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Vatne Begravelsesbyrå




Vi kan hjelpe til
med rådgivning og
tilrettelegging ved
begravelser og
bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

HOVUDBIBLIOTEKET:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00
Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00
Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: bibliotek@austrheim.kommune.no

FONNES FILIAL:

Torsdag kl. 14.00 -19.00
Tlf.nr. 56 16 83 11



E-post: fannes.bibliotek@austrheim.kommune.no

God bok

BASSENGET PÅ KALAND:

Garderobane og bassenget på Kaland skule skal gjennom ei større renovering og det vert dessverre ikkje tilbod om offentleg bading framover.

Arbeidet kjem til å halde fram utover i dette skuleåret.

ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr. 1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-

Korte takkeannonser er gratis.

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgret.

Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00
Opningstider for publikum:
Kl. 08.30 - 15.00.
Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:
kl 08.30- 15.00
Helsesøster tlf. 56 16 82 11
Jordmor:
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter

CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,
rensing
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



Giving Hope To A Child (GHTAC)

Giving Hope to a Child har grunna lovendring i Liberia om drift av barneheim, beslutta å endre planane for humanitær hjelp til barn i Liberia. Framfor å bygge barneheim vil vi no finne andre prosjekt som kan hjelpe mange born – vårt første prosjekt er støtte til Vartekeh barne-skule som åpna i september kor vi gir skule-pengar til dei som treng det mest og planlegg å finansiere eit solcelleanlegg til skulen som neste prosjekt.

- Teikne deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikne deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, konto 3632 57 54065

For meir informasjon sjå heimesida vår:
www.givinghope.no eller GHTAC på facebook.

Rolf Maurseth
Styreleiar

Stine B. Karlsen
Styremedlem

Tove Odland
Styremedlem

Jenfrid Stellberg
Styremedlem

Jusu Gyflan
Styremedlem

Ole Moen
Forretningsfører

Presentasjon av Stein Olaf Jordal

Det er på tide å laga ein liten presentasjon av Stein Olaf Jordal. Han har vore kyrkjegardsarbeidar i Austrheim i snart 2 år no.

Om det hadde vore opp til han, ville han helst unngått denne merksemda.



Stein Olaf er ein solid 59-modell og bur på Myking i Lindås kommune. Han er gift med Kari, som driv nærbutikken på Myking, og har 2 døtre og etter kvart fått 4 barnebarn.

Stein Olaf kan ikkje skuldast for å vera den som byter jobb i tide og utide. Etter 40 år som lakkerar og bilopprettar ved Høyland Auto, tok han for 2 år sidan steget over kommunegrensa og vart den nye kyrkjegardsarbeidaren i Austrheim. Det er mange som bemerkar at kyrkjegardane i Austrheim er velstelte. Dette er mykje på grunn av den jobben Stein Olaf gjer.

Elles likar han seg på sjøen og med skogsarbeid og har ein treffsikker hobby som medlem i Nordhordland pistolklubb, som held til på Radøy. Som ektefelle til ho som driv nærbutikken på Myking, så er Stein Olaf ofte å sjå der på fritida, som vaktmester på dugnad.

Vi er glade for å ha Stein Olaf med på laget.

Er du glad i å strikke?

Austrheim kystbarnehage har mange fine dokker, men det er kjekkare å leika med dei om dei har dokkekle. Kan dette lille prosjektet vere noko for deg ?

Ta kontakt med Britt: 56162170



ÅRÅS BEDEHUS


Møte	søndag	22 jan.	kl.11:00	Helge Keilegavlen talar.
Bønnesamling	tirsdag	24. jan	kl 19:00	
Møte	søndag	05 feb.	kl 11:00	Asle Hetlebakke talar.
Bibeltime	tirsdag	07. feb	kl 19:00	v/Helge Keilegavlen
Møte	søndag	19. feb	kl 11:00.	Christian Skoge talar
Bønnesamling	tirsdag	21. feb	kl 19:00	
Møte	søndag	05. mars	kl 11:00	Audun Hjellvik talar



BARNAS SIDE

Finn ti fuglenamn

Namnet på ti vanlege norske fuglar er gøymde inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?





R	E	X	T	Y	R	P	V	Å	M
W	D	B	I	I	O	S	E	E	U
C	D	O	M	P	A	P	K	L	O
O	U	K	H	B	R	O	J	T	B
T	E	F	J	L	O	R	Ø	R	N
S	D	I	M	Å	V	V	T	A	I
B	P	N	Å	M	D	A	M	S	E
H	A	K	K	E	S	P	E	T	T
Y	E	L	E	I	T	H	I	O	F
I	A	R	B	S	N	Å	S	N	Æ

Finn 5 feil

Teikning: Kari Sortland

Då Jesus var seks veker gamal, tok Maria og Josef han med opp til tempelet i Jerusalem for å bere han fram for Gud. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Abonnér på barnebladet



BARNAS

16 blader + 1 CD

= berre 399,-

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 239,- per barn

Ting på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Bibelteikneseriar og gøyale aktivitetar!

Perfekt som fadder gave!



“Syng deg glad” -kveld



Austrheim kyrkje

søndag

5. februar

kl.19:00

Song ved

Lisbeth Stuberg

Forsongargruppa deltek.

Det vert servert kaffi, te og noko å bita i.

Kollekt.

Alle er hjarteleg velkomne.

Neste gla`song palmesøndag 9.april

Arrangør: Austrheim sokneråd, ved Syng deg glad komiteen



LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

Møter i februar

Søndag 5. februar kl 11:00 Møte: **Geir Talberg** *søndagsskole*

Søndag 19.februar kl 11:00 Møte: **Hans Martin Skagestad**

Søndag 26.februar kl 11:00 Misjonsmøte: **Gunnveig og Ernst Knutsen**

Ungdomskvelder

Fredag 3. februar

Fredag 17. februar

Lørdag 18. februar

kl 19:30 – 22:30

fra 7. klasse

Helgen 17.-19. febr. får vi besøk av

**Hans Martin
Skagestad**

Hans Martin Skagestad er evangelist for Troens Bevis. Han var tidligere teamleder for Sammen for Norge-teamet. Han og teamet hans var med å starte ungdomsarbeidet på Lervåg bedehus. De siste årene har han reist mye i Afrika og Asia der han jobber med kampanjer og menighetsplanting.



Foto: dawnnorge